



Hordaland Byggetvikling AS  
Stølen 26A  
5911 Alversund

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1712 - 22/15830

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
24.02.2022

## Adresseendring Alvervegen 12- GBNR 137/109

**Administrativt vedtak: Saknr: 213/22**

### VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressefordeling:

Gbnr	Brukseining	Seksjon nr	Ny tildelt adresse/husnr.
137/109	H0101 (B)	24	Alvervegen 12A
137/109	H0101 (B)	23	Alvervegen 12B
137/109	H0201 (B)	28	Alvervegen 12C H0201
137/109	H0202 (B)	27	Alvervegen 12C H0202
137/109	H0201 (B)	26	Alvervegen 12D H0201
137/109	H0202 (B)	25	Alvervegen 12D H0202
137/109	H0101 (B)	22	Alvervegen 12E
137/109	H0101 (B)	21	Alvervegen 12F

**Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.**

### Saka gjeld

I samband med førebuing for seksjonering av eigedommen 137/109 ser me at tildeling av adresser til bustadbygg med 8 bueningar ikkje er gjort i tråd med retningslinjer for adressefordeling. Det er difor utført adresseendring.

### Vurdering

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Alvervegen.

Adresseendringa er ikkje førehandsvarsla, då dette bygget endå ikkje er ferdigstilt eller tatt i bruk. Tidlegare adresser er ikkje oppført i vedtaket. Me har i staden knytta seksjonsnummer til adressene, for å gjera dette heilt tydeleg.


Det skulle ideelt sett vore tildelt egne husnummer til alle adressene her, men då det ikkje er nok ledige adresse til dette, vert det nytta bokstav for å unngå omadressering av einingar som er tatt i bruk. For bueiningane i 2. høgda er det oppgangen til desse som vert adressert, og ikkje kvar enkelt inngangsdør på rapoet i 2. høgda. For bustadane i 2. høgda vert då brukseiningsnummeret også ein del av adressa. Det vert difor no 6 adr her, mot tidlegare 8.

Tildeling av adresse er elles i tråd med retningslinjer for adressetildeling, og adresseendring vert difor utført.

### **Endringa er utført i matrikkelen og adresseendringa trer i kraft straks.**

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendtt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn ( sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

### **Regelverk**

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkelova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering ( matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Hordaland Byggutvikling AS

Stølen 26A

5911 Alversund